



Maruisz og Katarzyna Myszogląd
Moldekleiv 68
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/238 - 16/3958

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

26.02.2016

Førespurnad om bruk av eigedomen gbnr 27/73 i Meland kommune

Kommunen har tidlegare mottatt ein førespurnad tilknytt bruk av avkøyrsløse frå kommunal veg for tilkomst til gbnr. 27/73 (Moldekleiv 68) over gbnr. 27/4 (Moldekleiv 69) i Meland kommune, jf. vedlagte brev frå Bjørn og Kari Hammersvik datert 15.2.2015. Grunna stor arbeidsmengde har kommunen ikkje hatt høve til å følgje opp denne førespurnaden tidlegare.

Gjennom brevet vert det stilt ei rekkje spørsmål ved etableringa og bruken av nemnde veg. Fleire av desse er av privatrettsleg karakter, men for kommunen sin del har spørsmålet om sjølv opparbeidinga likevel relevans, idet Hammersvik m.a. spør om det tidlegare er søkt til kommunen om høvesvis byggjeløyve for opparbeiding av vegen og løyve til avkøyrsløse frå kommunal veg.

Kommunen er kjent med at det er tale om ein eldre veg, men ikkje når denne vart etablert. Sistnemnde er avgjerande for søknadsplikt både etter Plan- og bygningsloven og Veglova. Kommunen ber derfor om å få opplyst når både vegen til gbnr. 27/73 og avkøyrsløse frå den kommunale vegen vart etablert. Dersom det i ettertid har skjedd endringar eller vesentleg vedlikehald på veg eller avkøyrsløse må dette òg opplysast.

Dei tekniske krava til ein veg vil dels vere avhengig av bruken av eigedomen som tilkomstvegen skal tene. Kommunen ber i den samanheng om at det i tillegg vert opplyst om eigedomen i dag er nytta som heilårs- eller fritidsbustad.

Frist for skriftleg tilbakemelding vert sett til **1. april 2016**.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedlegg:

Klage på vei (L)(47986)

Kopi til:

Bjørn og Kari Hammersvik
Pål Villanger

Moldekleiv 77
Moldekleiv 69

5918
5918

FREKHAUG
FREKHAUG

Mottakere:

Maruisz og Katarzyna Myszogląd

Moldekleiv 68

5918

FREKHAUG